



Bibelen var tema for småbarnstreffet og laurdagsskolen

Dei tradisjonelle julefestane i bygda starta i ettermiddag med festen i bedehuset.  
Det var ein fin fest med mange innslag, men diverre møtte det berre 40 fram denne gongen.  
I fjor var det 70.  
Festen fann stad i eit bedehus som snart er ferdig oppussa og det  
var naturleg at kollekten gjekk til oppussinga



[Birgit Hjelmeland var andaktshaldar](#)

Leiar i Indremisjonen Jon Harald Kjærland orienterte om denne satsinga. No er drenering gjennomført og vanninnsig stoppa på to sider av huset.

I kjellaren blir det innreia triveleg hobbyrom og peisestove. Det blir satsa på ny innreiing og det blir i det heile varmere og lunare i denne etasjen.

Nelly Kjærland tok for seg programmet framover og ynskte at mange små blir påmelde til "bu-heime-leir" på Omvikdalen skule 8. og 9. januar før fristen går ut 3. januar.

Det er eit allsidig tilbod under leiren, frå ballspel og førstehjelp til digitalfoto og elektronikk. Leiren er ope for dei som har fylt 5 og også for 4-åringar hvis dei har med ein vaksen.

Det første småbarnstreffet i bedehuset etter nyttår er 12. januar medan det ikkje blir laurdagsskule før helga 5. og 6. februar då dei også skal gjennomføra tårnagent-opplegget som startar i kyrkja og sluttar i bedehuset.

Både småbarnstreffet og laurdagsskulen var med under eit bibel-tablå som starta julefesten.

Programmet for julefesten var denne gongen leia av Camilla Myklebust, som viste det songtalent ein snart skal få høyra på plate. Som fleire gonger før vart ho akkompagnert på piano av Tone Reinertsen Hellesøy frå Rosendal.

Eit nytt og friskt innslag i programmet var ein quiz med tilknytning til jula, mens ein tradisjonell post var andakten, denne gongen halden av Birgit Hjelmeland frå Omvikdalen. Ho tok denne gongen for seg ljuset frå himmelen.

Festen var som alltid prega av mykje song, triveleg matøkt og gang rundt eit imponerende høgt juletre.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Tone og Camilla framførte fleire songar